

Protokoll frå regionstyremøte 2/ 2016

Møte nr. 2/ 2016

Dato: 27.2.16

Sted: Videomøte

Til stades frå styret:

Gry Sissel Sagen, Caroline Bjørge, Nils-Gunnar Solli, Kari Klokseth, Knut Mikkelsen og Nora Olsen (2. vara)

Forfall:

Hilde Hoddevik og Hilde Horpen

Til stades frå administrasjonen:

Dagleg leiar Ingrid Sofie Nygaard

Møtet blei leia av regionstyreleiar Nils-Gunnar Solli.

Vedtaksaker:

04/ 2016

Godkjenning innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkallinga godkjent.

Sakslista godkjent slik den er utsendt.

05/ 2016

Foreløpig regnskapsrapport (ikkje revidert) pr. 31.12.15

Samrøystes vedtak:

Styret godkjenner den framlagte økonomirapporten pr. 31.12.15 med atterhald om godkjent revisjonsrapport. Overskotet for 2015 tilførast eigenkapitalen.

06/ 2016

Beredskap landsmøte 2016 - Delegatar

Samrøystes vedtak:

Styret spør Anita Nøring, Oddgeir Øren og Ingolf Dragset, i den rekkjefølgje, om å være delegatreservar for landsmøtet 2016.

07/2016

Representasjon
Samrøystes vedtak:

Styret blir representert på følgjande arrangement:

	<u>Arrangement</u>	<u>Tilstade</u>
1	Midtnorsk Mesterskap i Drill, 12. og 13. mars	Administrasjonen
2	Nordvesten Møre og Romsdal, 9. april	Caroline Bjørge, Nils-Gunnar Solli
3	Nordvesten Sogn og Fjordane, 16. april	Gry-Sissel Sagen, Hilde Hoddevik, Nils-Gunnar Solli
4	Gult kurs, Nordfjordeid, 4. juli	Nora Olsen, Hilde Hoddevik, administrasjonen
5	Rødt kurs, Nordfjordeid, 10. juli	Hilde Hoddevik, administrasjonen
6	Rødt kurs, Molde, 12. juli	Nils-Gunnar Solli, Nora Olsen/Kari Klokseth
7	Grått kurs, Brass Band, Ørsta, 26. juli	Hilde Hoddevik, administrasjonen
8	Grått kurs, Janitsjar, Ørsta, 31. juli	Kari Klokseth, Nils-Gunnar Solli
9	Musikkveka, Ulsteinvik, 7. august	Nora Olsen, Caroline Bjørge
10	Gult kurs, Ålesund, 11. august	Caroline Bjørge
11	Gult kurs, Førde, 11. august	Knut Mikkelsen
12	Gult kurs, Kristiansund, 18. august	Kari Klokseth, Nora Olsen

08/2016

Bruk av avsette midlar frå Musikkrådet i Sogn og Fjordane
Samrøystes vedtak:

Styret sluttar seg til administrasjonens forslag om utlysing av stipend for dirigentar i Sogn og Fjordane med eit tak på kr 2500,-. Det skal rapporterast frå stipendmottakarane i etterkant.

09/2016

Strategi regionkorps - Arbeidet vidare
Samrøystes vedtak:

Styret held fast ved tidligare vedtak om å ha ein pause i drifta av regionkorpsa fram til hausten 2017. Saka tas opp til diskusjon på styremøtet i forbindelse med landsmøtet i april. Styret tar sikte på å gjere vedtak om strategi og vidare arbeid med planlegging av regionkorpsa på styremøtet i juni d.å. Styret ber om at

administrasjonen legg fram eit dokument om målsetting for regionkorpsa med utgangspunkt i dokumentet om regionkorps vedtatt på styremøte 3/ 2014.

10/2016

Søknad om kompensasjon for tapt teknisk arrangørhonorar, Førde skulemusikkorps

Samrøystes vedtak:

Styret imøtekjem søknad frå Førde skulemusikkorps med ein kompensasjon på eit halvt grunnhonorar, dvs. på kr 5 000,-, i samband med tapt arrangørhonorar.

11/2016

Oppdatering aktivitetsplan 2016-2017

Samrøystes vedtak:

Styret stadfestar gjeldane aktivitetsplan med følgjande endringar / tillegg:

- Styremøtet i juni blir flytta til 11. - 12. juni 2016. AU i samråd med administrasjonen finn stad for møtet.
- Kurs i Korpsdriftsportalen hausten 2016 blir lagt til:
 - Kristiansund
 - Ålesund
 - Nordfjordeid
 - Skei
 - Høyanger/Lavik avhengig av praktisk gjennomføring

Orienteringssaker:

12/2016

Nytt frå regionkontoret

Dagleg leiar informerte om følgjande:

- Sommarkurs 2016 - påmeldingsstatus
- Sommarkursfond
- Tilsetting av inkluderingsagent
- Status ved kontoret
- Dagleg leiar tiltrer arbeids- og miljøutvalet i NMF for arbeidsgivarsida
- Dirigentnettverket har hatt si første samling

Samrøystes vedtak:

Styret tek informasjonen til vitande.

13/2016

Nytt frå NMF sentralt

Dagleg leiar informerte om følgjande:

- Harald Eikaas på plass som ny musikksjef i NMF

Samrøystes vedtak:

Styret tek informasjonen til vitande.

14/2016

Informasjon frå regionstyreleiar og / eller AU

Styreleiaren informerte om følgjande:

- Ingen aktivitet i AU sidan forrige styremøte.
- Styreleiaren orienterte om fylkeskulturkonferansen 2016 for Møre og Romsdal.
- Jazzlogen i Molde (Jazzfestivalen i Molde sitt gateparadeorkester, som vert drifta av Molde Janitsjar) opnar no for at ungdom frå heile region Nordvest kan delta. Informasjon blir sendt korpsa mfl. og ligg på nett.

Samrøystes vedtak:

Styret tek informasjonen til vitande.

Molde, 27.2.16 / 01.03.16



Nils-Gunnar Solli
regionstyreleiar



Ingrid Sofie Nygaard
dagleg leiar